



Thea Hjelmeland til Sogndal

SOGDAL: Thea Hjelmeland har hatt eit svært hektisk år etter suksessen med albumet «Solar Plexus», og no har ho sleppt datoane for sin komande haustturné. 28. oktober skal ho spela i Sogndal kulturhus. Thea sine konsertar har rulla høge terningkast og skussmål og under årets Bylarm stod fleire hundre menneske i kø for å koma inn i det allereie fulle kirkelokalet og på Øyafestivalen var Sirkus-teltet fylt til randen.

Kan søkja om kunstnarbustad

HARDANGER: Fristen for å søkja om opphald i kunstnarbustad i Berlin er 15. september. Hardangerrådet er på vegner av Hardangerkommunane ansvarleg for artist-in-residence-ordninga Hardanger–Berlin. Ordninga vart oppretta i 2009. Som retningsgjevande regel vert det høve til eit opphald på inntil tre månader for kvar kunstnar.

Tilbyr Skjolden eit stort akademisk løft

■ ■ Ludwig Wittgenstein

■ ■ Tre universitet går saman

SKJOLDEN: «Eitt liv – tre universitet» er namnet på eit prosjekt som kan gje arbeidet med å attreisa Ludwig Wittgensteins hus ny fart og Skjolden ny, internasjonal akademisk tyngde.

I går ettermiddag fekk styret for Wittgensteinstiftinga med ordførar Ivar Kvalen i spissen presentert eit tilbod dei neppe kan takka nei til.

Dei tre universiteta der Wittgenstein studerte og arbeidde, har nemleg gått saman om å tilby kompetanse, forskning og anna arbeid i samband med attreisinga av den verdskjende filosofen sitt hus i Skjolden.

Norsk initiativ

Det er professor i arkitektur med spesialfelt bærekraft, Harald N. Røstvik som har teke initiativet og som skal leia dette unike fellesprosjektet. For det må karakteriserast som unikt at tre prestisjetunge universitet som Cambridge, Manchester og Berlin går saman på denne måten. Meir enn noko fortel dette kva posisjon Ludwig Wittgenstein har i den akademiske verda.

– Eit hovudmål med dette prosjektet og desse planane er å gjera kontakten mellom den akademiske verda og samfunnet elles, ikkje minst dei som lever og bur i Skjolden, endå betre, seier professor Røstvik til Sogn Avis.

Ludwig Wittgenstein studerte ingeniørfag på Det tek-



VINN-VINN: Professor Harald N. Røstvik møtte i går styret for Wittgensteinstiftinga der han presenterte tilbodet frå tre prestisjetunge universitet.

niske universitet i Berlin frå 1906 til 1908, flyteknikk på universitet i Manchester frå 1908 til 1912, før han så gjekk laus på filosofi på universitetet i Cambridge.

Då professor Harald N. Røstvik, som sjølv studerte arkitektur på universitetet i Manchester på 1970-talet, presenterte tankane om eit felles prosjekt om Wittgenstein og Skjolden for desse tre universiteta var responsen overveldande positiv. Alle tre ville vera med på dette og i tillegg er både universitetet i Bergen og eit universitet i Austerrike aktuelle bidragsytarar.

Spennande

– Dette er fantastisk spennande og det er eit prosjekt som me køyrer i gang uansett, seier Røstvik. Han fortel at dei alt i mai gjennomførte eit to vekers testkurs i Manchester. Fire studentgrupper fekk ulike oppgåver med å tolka hytta til Wittgenstein basert på bilete, teikningar og dokument før dei også testa flyvengonstruksjonane som Wittgenstein teikna i Manchester.

Gjennom desse ulike akademiske tilnærmingane til prosjektet med å attreisa hytta

ved Eidsvatnet ynskjer desse universiteta å bidra til å gje prosjektet eit fagleg innhald som står i stil med det potensial som Wittgenstein og hans tilknytning til Skjolden har – på mange måtar – ikkje minst når det handlar om reiseliv og turisme.

Ressursar

– Me har akademiske ressursar å tilby Skjolden, medan Skjolden i seg sjølv er ein stor ressurs for oss. Me vonar at me saman kan skapa noko som også lokalbefolkninga kan ha eigarskap til og som kan gje attreisinga av hytta fleire dimensjonar.

Røstvik er sikker på at filosofen sjølv ikkje hadde tykt noko om planen om å setja

opp att hytta – verken i den eine eller den andre forma eller versjonen.

– Men han hadde garantert likt om dette blir eit prosjekt som bidreg til nye tankar og samtalar på tvers av fleire fagområde.

Vinn-vinn

Før møtet med styret for Wittgensteinstiftinga i går, var professor Røstvik oppteken av å få fram at dei akademiske ressursane han representerer i dette prosjektet først og fremst er interesserte i å finna ut om dei ulike partane kan ha eit felles mål som også tek vare på den lokale forankringa.

– Eg er rimeleg trygg på at dette er eit vinn-vinn pro-

sjekt for alle som er opptekne av Wittgenstein og hans viktige tilknytning til Skjolden og Sogn, seier Harald N. Røstvik. Han legg til at prosjektet meir enn noko er etablert for å utvikla ny kunnskap og driva fram forskning på alle dei felte som Wittgenstein var engasjert i gjennom sitt allsidige og spennande liv. For Wittgensteinstiftinga må det òg vera interessant å registrera at dette er eit tilbod som ikkje utløyser trong for at dei må bidra med økonomiske ressursar – snarare tvert om.

Jan Inge Fardal

jan.inge.fardal@sognavis.no

Fakta:

Ludwig Wittgenstein (1889 – 1951)

Ein av dei mest innflytelsesrike filosofar i det tjuande hundreår, som fekk eit nært og godt forhold til Skjolden der han arbeidde i fleire periodar over mange år. Han sette opp ei hytte ved Eidsvatnet som vart riven på 1950-talet. I fleire år har det vore arbeidd med å attreisa hytta på tomte. Desse planane er no nærare ei realisering enn nokon gong.

Hårek

